

PIPE OG ELDSTAD

Søknaden vert sendt til:

Luster kommune

Plan

Rådhuset

6868 Gaupne

E-post: postmottak@luster.kommune.no

Kva for arbeid i samanheng med piper og eldstadar er unntatt søknadsplikt og kva for arbeid må du søkje om?

Når du skal gjere arbeid i samanheng med piper og eldstadar er det to ulike kategoriar som er aktuelle. Det kan være at du;

1. Kan gjere arbeide utan å søkja (altså ikkje søknadspliktig).
2. Må søkja og søknaden må innsendast av føretak som påtar seg ansvar som ansvarleg søkjar, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som sjølvbyggjar etter byggesaksforskriften (SAK10) § 6-8. Prosjektering og utføring må utførast av føretak som påtar seg ansvar som høvesvis ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande, eventuelt sjølvbyggjar med ansvarsrett for dette. Eventuell kontroll må utførast av føretak som påtar seg ansvar for kontroll. Alle føretak som påtar seg ansvar må tilfredsstilla krav til kvalitetssikring jf SAK10 kapittel 10 og krav til utdanning og praksis jf SAK10 kapittel 11

Her er to tabellar med meir informasjon om dei ulike kategoriane:

1. Ikkje søknadspliktig etter <u>plan- og bygningslova (pbl) § 20-5 d) og e)</u> og byggesaksforskrifta (SAK10) § 4-1 c) pkt. 2 og 5:	
Kva for pipe- og eldstedsarbeid gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<ul style="list-style-type: none"> • Installering, endring og reparasjon av eldstad i eksisterande bygg innanfor ein brukseining eller branncelle. Eksemplar på endring og reparasjon av eldstad; reinstallerings^{*)}, oppføring av brannmur, innmuring av pipestuss, frilufttilførsel, fundamentering av peis og øvrige arbeid som er nødvendig for å installere eit eldstad. ^{*)} Med reinstallerings vert meint eldstad som vert teke ut og plasserast igjen på same stad og i same røykløpsinnføring. • Reparasjon av skorstein (skorstein = pipa), føresett at reparasjon ikkje inneber at skorsteinen vert endra. (Eksemplar på reparasjonar som fører til at skorsteinen endrast slik at arbeida vert søknadspliktig, er montering av nytt røykrør eller glidestøp.) • Frittliggande utepeis som plasserast minst 4 meter frå nabogrense, og som ikkje er til fare eller urimeleg ulempe for omgivnadene. 	<p>Du er sjølv ansvarleg for at tiltaket (tiltaket = det du skal gjere) følgjer bestemmelsane i <u>plan- og bygningslova</u> med tilhørande forskrifter, arealplanar som kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan, og andre løyve. Tiltaket må heller ikkje kome i strid med anna regelverk. Du er sjølv ansvarleg for å gjere eventuelle naudsynte avklaringar med andre myndigheite som er nemnt i <u>SAK10 § 6-2</u>.</p> <p>Etter forskrift om brannforebyggjande tiltak og tilsyn (FOBTOT) § 2-4 har du meldeplikt til det kommunale feiervesen når du har installert nytt eldstad eller gjort andre vesentlege endringar ved fyringsanlegg. Du er sjølv ansvarleg for å melde frå til feiervesenet.</p>

PIPE OG ELDSTAD

--	--

ByggSøk

Om du skal gjere pipe- eller eldstedsarbeid som er søknadspliktig, **rår vi til at du sender elektronisk søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no)**. Systemet er gratis og nettbasert, og du får rettleiing om utfyllinga undervegs. Ved å nytte seg av ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknade. Mange kommunar har redusert gebyr for søknader sendt inn via ByggSøk.

2. Søknadspliktig tiltak med krav om ansvarlege føretak etter plan- og bygningslova § 20-3:	
Kva for pipe- og eldstedsarbeid gjeld dette for?	Kven er ansvarleg for kva?
<ul style="list-style-type: none"> • Oppføring av skorstein • Andre reparasjonar av skorstein enn dei som er omtalt i tabell 1. • Installering, endring og reparasjon av eldstad som rører meir enn ein brukseing eller branncelle i eksisterande bygg. 	<p>Søknad om desse pipe- og eldstedsarbeida må innsendast av føretak som påtar seg ansvar som <u>ansvarleg søkjar</u>, eventuelt av tiltakshavar med ansvarsrett som <u>sjølvbyggjar</u> om arbeida er i eigen einebustad eller fritidsbustad. For at du skal kunna godkjennast som sjølvbyggjar føreset det at du har naudsynt kompetanse sjølv, eller at du knytt til deg nokon med slik kunnskap.</p> <p>Etter forskrift om brannforebyggjande tiltak og tilsyn (FOBTOT) § 2-4 har du meldeplikt til det kommunale feiervesenet når du har installert nytt eldstad eller har gjort andre vesentlege endringar ved fyringsanlegg. Du er sjølv ansvarleg for å melda frå til feiervesenet.</p>
Søknaden skal innsendast i eit eksemplar. I følgje SAK10 § 5-4 skal den innehalde:	
Kvittering for nabovarsel og Opplysninger gitt i nabovarsel. Naboar og gjenbuarar skal varslast. nr. 5155 og 5156 Dersom det søkes om dispensasjon, skal det varslast særskilt om dette. Søknaden kan ikkje sendast til kommunen før frist for nabomerknader er utløpt. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel –innhold og varslingsmåter».	
Eventuelle merknader fra naboer med utgreiing for korleis desse eventuelt er teke omsyn til.	
Situasjonsplan med tiltaket innteikna i målestokk. Kartgrunnlag må vera av nyare dato og tingast hjå kommunen. Du finner meir informasjon i informasjonsarket «Situasjonsplan – kva vert krevd?»	
Teikningar. Det skal vere fagmessig utført og i målestokk, f. eks. 1:100. Du finner meir informasjon i informasjonsarket «Teikningar – kva vert krevd?»	
Gjennomføringsplan med oversikt over ansvarsområda inndelt i godkjenningsområde nr. 5185* og etter tiltaksklassar, kontrollområde, ansvarlege føretak og gjennomføring av oppgåvene.	
Erklæring om ansvarsrett for prosjekterande, utførande og eventuelt kontrollerande nr. 5181*	
Eventuelle uttale og avgjersle frå andre myndigheite som nemnt i SAK10 § 6-2 (vegmyndigheit, arbeidstilsyne etc.)	
Eventuelt søknad om dispensasjon . Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre reglar, vert det kravd grunngeven søknad etter plan-og bygningslova § 19-1. Søknad om dispensasjon frå det generelle avstandskravet til nabogrensa er ikkje nødvendig dersom det ligg føre skriftleg samtykke frå aktuelle naboar. Dette i samsvar med plan-og bygningslova § 29-4 og teknisk forskrift (TEK 10) § 6-4. Du finner meir informasjon i informasjonsarket «Dispensasjon».	
Kvittering for nabovarsel og Opplysningar gitt i nabovarsel. Naboar og tverrbuara skal varslast. nr. 5155 og 5156 Dersom det søkes om dispensasjon, skal det varslast særskilt om dette. Søknaden kan ikkje sendast til kommunen før frist for nabomerknader er utløpt. Du finn meir informasjon i informasjonsarket «Nabovarsel –innhold og varslingsmåter».	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

De 4-sifrede numrene i tabellen viser til blankettnummeret for byggesaksblanketten som du finner på Direktoratet for Byggkvalitet sine sider.



PIPE OG ELDSTAD

Når kan du starta å bygga?

Om det du skal gjere ikkje er søknadspliktig, kan du begynne arbeidet med ein gong du har avklart at vilkåra for unntak fra søknadsplikt er oppfylt.

Om det du skal gjere er søknadspliktig kan du begynne arbeidet tre veke etter at søknaden er moteke av kommunen om følgande vilkår er oppfylt etter plan- og bygningslovens § 21-7:

- Søknaden er komplett, det vil si den inneheld all nødvendig informasjon
- Endring av bruk er i samsvar med bestemming gitt i eller i medhold av pbl (er i samsvar med arealplan eller dispensasjon er innhenta på førehand)
- Det er ikkje nødvendig med ytterligare løyve, samtykke eller uttalelse frå anna myndigheit etter SAK10 §6-2.
- At det ikkje er nabomerknadar. ^{x)}
- Kommunen har ikkje gitt deg beskjed om forlenga saksbehandlingsfrist etter SAK10 §7-3.

^{) Dette vilkår gjeld ikkje om tiltaket er slik at du som tiltakshavar kan søke sjølv utan å bruke ansvarlege føretak. Se tabell 2 og pbl § 21-7 tredje ledd.}*

Er ikkje dei vilkåra tilstades, må du vente med å byggje til du har fått skriftleg løyve frå kommunen. Kommunen har då ein frist på 12 veker til å gi deg svar. Sjå pbl §21-7.

Når dei søknadspliktige arbeida er ferdig utført, skal du som tiltakhavar / ansvarleg søker be kommunen om ferdigattest.